

VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNING I GOL KOMMUNE

Vedteke i kommunestyret 13. september 2022 sak 32/2022

Gjeldande f.o.m. 1.8.2022

1. FØREMÅL

Det skal vere ein skulefritidsordning SFO i kommunen.

Skulefritidsordninga skal leggja til rette for lek, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn og fremje sosial læring. Barn med særskilte behov skal gjevast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vera eigna for føremålet.

Skulefritidsordninga skal vera eit tilbod før og etter skuletid for barn frå 1.- 4.klasse og for barn med særskilte behov frå 1.- 7.klasse.

I samband med skulestart i august er det eit tilbod for dei som skal byrje i 1. klasse om innskuling i dei to vekene før skulestart, for å lette overgangen mellom barnehage og skule, jf opplæringslova § 13-5. Tilbodet er friviljug og målgruppa er alle som skal starte i 1. klasse. For opningstid og omfang, sjå punkt 8.

Dei overordna måla for skulen vil og gjelde for fritidsordninga.

2. EIGAR

Gol kommune er eigar og ansvarleg for drifta ved SFO for elevar i grunnskulen i Gol. SFO skal organiserast og drivast i samsvar med Opplæringslova § 13-7, § 9a-9 og § 10-9.

Kommunestyret fastset vedtekter for SFO.

Utval for Kultur og Levekår er det politiske fagutvalet for SFO.

Føresette tilknytta SFO, vel ein representant til Samarbeidsutvalet (SU) ved Gol skule. Denne møter når saker som gjeld SFO, skal handsamast.

3. ORGAN FOR BRUKARMEDVERKNAD: FORELDRERÅD

Foreldrerådet består av alle foreldre/føresette til alle barn i SFO. Foreldrerådet skal fremje samarbeidet mellom heimen og SFO. Det skal haldast minst to foreldremøte i året, eitt i haust- og eitt i vårhalvåret. Leiar av SFO kallar inn til desse møta.

4. INNTAK AV BARN

Inntaksmynde

Målsetjinga må vere at alle barn som ynskjer eit tilbod i SFO, får det. Rektor og leiar av SFO avgjer inntaket.

Klage på inntak

I fylgje Forvaltningslova § 29 er fristen for å klage 3 veker frå det tidspunktet søkjaren mottok vedtaket. Klaga skal vera skriftleg og skal sendast rektor. Klageutvalet er endeleg klageinstans.

Kunngjering

Skulen kunngjer opplysningar om søknad til SFO gjennom annonse i lokalavisa og på heimesida til Gol kommune.

Søknad

Føresette må søkje via elektronisk søknadsskjema som ligg på heimesida til Gol kommune, under Gol skule/SFO. Søknadsfrist er 1. mars. Skulen sender (skriftleg) digitalt svar på (mottatt) behandla søknad.

Søknad til innskuling før skulestart på elektronisk søknadsskjema har frist 1.mai.

Inntaksperiodar

Hovudinntak av barn i SFO skal skje i mars og gjeld eitt skuleår om gongen. Alle som søker innan fristen får plass.

Inntak i løpet av skuleåret kan skje etter nærare vurdering og dersom det ikkje fører til behov for auka bemanning. Dersom det er fleire søkjarar enn det er plass til, vert inntaket gjort etter fylgjande vilkår:

- Barn av einslege føresette i arbeid eller under utdanning, og som åleine fører tilsyn med barnet/barna
- Barn som har begge føresette i arbeid eller under utdanning
- Barn med særlege vanskar kan takast inn føre andre søkjarar når det ligg ei fagleg vurdering til grunn for vurderinga av situasjonen og tilråding om inntak

Dersom det er plass, kan skulefritidsordninga ta mot barn for kortare periodar det er særleg grunnar til det (sjukdom i heimen o.a).

Auke eller reduksjon av opphaldstida må meldast på elektronisk skjema på heimesida til Gol kommune.

5. OPPSEIING AV PLOSS

Oppseiing av plass i SFO skal gjelde frå og med den 1. i månaden. Oppseiingstida er 1 måned.

Oppseiinga skal gjerast på elektronisk skjema på kommunens heimeside.

Skulen kan også seie opp plassen med same fristar dersom betalingsterminane vert overskridne med meir enn 2 månader.

6. FORELDREBETALING

Tilbodet i SFO skal finansierast gjennom kommunalt tilskot og eigenbetaling frå føresette. Kommunestyret gjer vedtak om betalingssatsar for SFO ved budsjetthandsaminga kvart år. Betalinga skjer fast kvar måned ved bank- eller postgiro utsend frå kommunen.

Eventuelle matpengar kjem i tillegg til gjeldande satsar.

Eitt år i SFO vert rekna til 11 månader.

Det skal betalast for påmeld plass sjølv om tilbodet ikkje vert nytta fullt ut.

Det kan kjøpast enkeltdag morgon og enkeltdag ettermiddag.

Sats for deltaking ved innskulingsopplegg SFO blir rekna ut etter summen av sats for enkeltdag morgon og enkeltdag ettermiddag.

For elevar som ikkje har fast SFO-plass, skal sats for kjøp av enkeltdag liggje 25 % over sats for elevar som har fast plass.

Gratis skulefritidsordning for elevar på 1. årstrinn:

Det er fritak frå foreldrebetaling for 12 timar per veke for elevar på 1. årstrinn som har plass i skulefritidsordninga. Dette gjeld også ved sommaropen SFO.

For 1. trinn er det kjernetid 7:45- 8:15 og 13:00- 15:00. Denne tida er det gratis inntil 12 timar pr veke.

Søskenmoderasjon:

Det blir gitt søskemoderasjon på 30% for barn 2 og deretter 50% moderasjon for 3 eller fleire barn. Dersom hushaldninga også har barn i barnehagen, vil det samstundes utløyse søskenmoderasjon i SFO.

Maksimalt 6% av inntekta til hushaldet:

Betaling pr elev skal vere maksimalt 6% av den årlege inntekta til hushaldet. Det må søkjast om slik reduksjon i foreldrebetalinga.

7. TILHALDSSTAD, LEIKE- OG OPPHALDSAREAL

SFO har egne lokale på Gol skule som er samlokalisert med spesialpedagogisk avdeling. Areal er på 320 m². I tillegg kan egne rom frå spesialpedagogisk avd.

brukast for elevar med særskilte behov. Skulens øvrige fellesrom og spesialrom kan brukast etter skuletid.

SFO har felles uteområde med skulen.

8. OPNINGSTIDER

Skulefritidsordninga skal vera open frå kl.7.30 til kl. 8.30 og frå kl. 13.00 til kl.16.30.

Før skulestart i august er det eit eige innskulingsopplegg for born som skal starte i 1. klasse med opningstid kl 07.30-16.30.

SFO har tilbod i haustferien og vinterferien kl 07:30-16:30. SFO er stengt fire veker i juli.

Tilbodet gjennom året er elles i tre alternativ:

1. trinn:

Alt. I: inntil 12 timar i veka

Alt. II: inntil 22,5 timar i veka

2. – 4 trinn:

Alt. I: Inntil 8 timar i veka.

Alt. II: Inntil 12 timar i veka.

Alt. III: Inntil 22,5 timar i veka.

Dersom det er færre enn 5 påmelde barn til desse tilboda, må andre organiseringsformer vurderast. Elles må tilbodet og bemanninga tilpassast elevane sin timeplan og behovet dei har for slik ordning.

9. FRÅVERE

Føresette gjev melding til SFO når eleven er sjuk, har bedt seg fri frå skulen og elles når barnet ikkje kan vera i SFO til avtalt dag og tid.

10. BEMANNING OG LEIING

SFO er leia av skuleavdelingsleiar 1.-4. trinn ved Gol skule. Denne skal ha pedagogisk utdanning. Det er utarbeidd arbeidsbeskriving for denne stillinga.

Stillingsstorleik og administrasjonstid skal vere i samsvar med gjeldande regelverk.

Rektor har det overordna administrative, personalmessige og pedagogiske ansvaret for SFO.

SFO skal ha ei forsvarleg bemanning. Det skal vera følgjande rettleiande norm for bemanning:

1 vaksen tilstades i gruppe med 1 – 8 barn

2 vaksne tilstades i gruppe med 9-18 barn

Vaksentettleiken aukar vidare med 1 vaksen pr. påbegynte 10 barn.

Elevar med særskilte behov kan utløyse tillegg i bemanninga.

11. BUDSJETT Rektor har ansvar for å utarbeide budsjettframlegg. SU ved Gol skule gjev uttale om budsjett.

12. RAMMEPLAN/ ÅRSPLAN

Leiar i samarbeid med rektor utarbeider rammeplan/ årsplan med overordna mål for verksemda. Denne planen skal skissere innhald i og mål for drifta og vise eventuelle satsingsområde. Det må takast omsyn til at barna har ulike behov for ro og kvile etter skuledagen.

Planen bør innehalde oversikt over aktuelle samarbeidspartnarar og leggje grunnlaget for utvikling av gode samarbeidsformer.

Konkrete aktivitetstilbod skal stette barna sine behov og inngå i den langsiktige målsetjinga.

13. SKYSS

Skulefritidsordninga er frivillig og foreldre/føresette må sjølv bringe og hente barna når ordinær skuleskyss ikkje kan nyttast.

Elevar med særskilte behov har rett til skyss til og frå SFO jf opplæringslova §7-3.

14. TEIEPLIKT

Personalet ved SFO har teieplikt i alle forhold som vedrører barna og heimemiljøet deira; jf. lov om teieplikt av 10.2.1967 i forvaltningslova.

15. ENDRINGAR I VEDTEKTENE

Endringar i desse vedtektene kan gjerast ved vedtak i Kommunestyret.